

Alver kommune

Dato: 02.06.2020

Att:

Postboks 4
5906 FREKHAUG

Alver kommune Vestland - Uttale til planoppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel

Vi viser til brev fra Alver kommune datert 15. april 2020 angående planoppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel og høyring av planprogram.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Samfunnsdelen er det overordna plandokumentet som skal ligge til grunn for arealdelen, og skal vere førande for arbeidet med denne. Den skal også leggast til grunn ved seinare arbeid med handlingsprogram, kommunedelplanar og sektorplanar.

Nasjonale forventningar til planlegginga

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2019-2023 står det blant anna følgande om fiskeri og havbruk innanfor ressursbasert næringsutvikling:
«Regjeringa vil legge til rette for meir verdiskaping og fleire arbeidsplassar basert på ressursane i havet, og for føreseieleg og berekraftig vekst i oppdrettsnæringa. Regjeringa prioriterer også arbeidet for eit reint hav og ei lønnsam utvikling av havbruksnæringa. Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å sikre det langsigtige arealbehovet til fiskeri- og havbruksnæringane, samtidig som andre samfunns- og miljøinteresser blir varetakne».

Planstatus

Dette er Alver kommune sin første samfunnsdel, etter samaslåing av kommunane Lindås, Radøy og Meland.

Generelt om planprogrammet

Planprogrammet er oversiktleg og det kjem tydeleg fram kva som er føremålet med arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen. Kommunen har ein klar strategi for korleis dei skal sikre medverknad frå innbyggjarar og andre aktørar og korleis planprosessen skal gjennomførast.

Kommunen har utarbeidd eit strategi- og styringsdokument for samfunnsutvikling som peikar på fire berebjelkar for samfunnsutviklinga:

- Vekst og innovasjon
- Berekraft, klima og miljø
- Kultur og frivilligheit
- Folkehelse, tryggleik og deltaking

Vidare peiker strategi- og styringsdokumentet på sju utviklingsområde, henta frå intensjonsavtalen.

Forslag til tema i samfunnsdelen er henta frå notatet «Moglegheits- og utfordringsdokumentet» frå 2019. Dette er oppgitt å vere eit viktig kunnskapsgrunnlag til arbeidet med planprogrammet og kommuneplanen. Generelt ønsker vi at fiskeri- og akvakulturnäringa får ei eiga omtale i samfunnsdelen til kommunar som allereie har ein viss aktivitet innanfor området, eller som ønsker å oppretthalde, vidareutvikle, satse på og tilrettelegge for fiskeri- og akvakultur.

For Fiskeridirektoratet sin del vert det i dette varselet om oppstart av planarbeidet naturleg å kommentere tema som Næringsutvikling og Grøn omstilling.

Næringsutvikling

Her bør de nemne vekst og utvikling innanfor akvakultur/havbruksinteresser i tillegg til jordbruk, skogbruk og fiskeri. Vi meiner det vil vere naturleg å inkludere berekraftsmål nr. 14 «Liv under vatn», som går på å bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremtar berekraftig utvikling, under dette teamet. Samfunnsdelen bør vere så konkret som mogleg når det gjeld dei næringane kommunen ønsker å satse på og tilrettelegge for.

Grøn omstilling

Det er positivt at kommunen har eit klart ønske om å bidra til å redusere negative konsekvensar for klima og miljø. Eit reint og rikt hav er ei absolutt føremon for sjømatnæringane og auka tilgang på sjømat. Dårleg miljøtilstand er ein vesentleg trugsel for all matproduksjon frå havet. Det marine miljø er endestasjon for dei fleste av dei forureiningane som skyldast menneskleg aktivitet. All negativ påveknad på naturen sitt mangfald må reduserast så mykje som mogleg for å sikre at vi også i framtida kan hauste av naturen og nyte godt av dei tjenestane som økosystema leverer.

Vi er opptatt av at kommunane ser samanhengen mellom bruk av land og sjø i alt kommuneplanarbeid. Vi meiner dette vil bidra til å redusere konflikter i sjø og sjønære områder, og gje ei meir føreseieleg utvikling. Ved til dømes planlegging av areal til utbygging i strandsona, og/eller tiltak med utslepp til sjø, er det difor viktig å ta høgde for at desse områda ikkje kjem i konflikt med naturmangfald eller viktige fiskeri- og akvakulturinteresser.



Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Giil Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Alver kommune

Postboks 4

5906 FREKHAUG



Vår referanse: 20/5947

Side: 4/4